



Supplyskip nummer 2 same dag som slepinga mot Sunnmøre starta. (Foto: Ola Matti Mathisen)a.

I årsmeldinga for 2009, som vart underteikna 30. juni, blir det opplyst at det er usemje om sluttoppgjeret for supplybåten som Eidsvik Skipsbyggeri leverte i april til O.H. Meling & Co i Stavanger.

Det er det og for arbeidet som er gjort på bygget som no skal utrustast av Kleven Maritime på Sunnmøre.

Det er Bergens Tidende som skriv dette.

Men usemja mellom verft og reiarlag vart avgjort dagen etter at årsmeldinga var underskriven

Det vart gjort ein avtale 1. juli som avslutta striden opplyser rådgivar Oddbjørn Bjørnsen hos O.H. Meling, men han vil ikkje kommentere innhaldet i avtalen.

BT opplyser at trass i eit lite overskot i fjor er heile eigenkapitalen tapt etter at Eidsvik i 2007 og 2008 gjekk med eit underskot på tilsaman 42 millionar kroner.

Likevel meinte styret i fjor sommar at det var grunnlag for vidare drift. Vurderinga grunna seg i ein friviljug akkord som reduserte gjelda og eit lån frå eit reiarlag som skaffa pengar til vidare drift.

Vurderinga viste også til kontrakta om å utruste eit supplyskip og opsjonen på også å utruste søsterskipet, eit oppdrag som no har gått til Kleven Maritime etter krav frå O.H. Meling.

Av Ola Matti Mathisen